

Nr. 3-2015, årgang 50.

# KYRKJEBLAD

for Kviteseid, Vrådal, Brunkeberg og Fjågesund og Kilen sokn.



Marlene Bakken Braun og Solbjørg Fangel Mo var på konfirmantleir i sommar.

Side 6: Se meir om årets konfirmantar.  
Side 10: Møt bibelforskaren Jerry Lund.



# Kyrkjetrappa

Kyrkjekontoret i Kviteseid

Tlf. 35 06 81 31 – Faks. 35 06 81 28

Adresse: Statens Hus, 3850 Kviteseid



Olav Nordskog

Kyrkjeverje

Kontor tlf. 35 06 81 31

kyrkjeverge.kviteseid@kyrkjetrappa.no



Torstein Eidem Nordal

Sokneprest i Kviteseid og  
Brunkeberg

Kontor tlf. 35 06 81 32

sokneprest.kviteseid@kyrkjetrappa.no



Hallvard Nordbø Jørgensen

Sokneprest i Vrådal, Fjågesund  
og Kilen

Kontor tlf. 35 06 81 29

Mobil tlf. 95 92 29 84

sokneprest.vradal@kyrkjetrappa.no



Dagfinn Køhn

Organist

Kontor tlf. 35 06 81 48

kantor.kviteseid@kyrkjetrappa.no



Håkon Heggveit

Kyrkjegardsarbeidar/  
kyrkjetenar

Mobil tlf. 91 18 37 50



Jan Haugen

Kyrkjegardsarbeidar/  
kyrkjetenar

Mobil tlf. 91 12 02 48

kyrkjetenar@kyrkjetrappa.no



Svanhild Fidjeland

Kyrkjelydssekretær

Mobil tlf. 40 90 02 89

post@kyrkjetrappa.no



Eilev Erikstein

Prostidiakon, 3880 Dalen

Mobil tlf. 91 11 35 80

eilever@online.no

## Om bladet

Ansvarleg redaktør:

Hallvard N. Jørgensen

Frist for å levere innhald til neste nummer  
av kyrkjebladet er 23. november 2015.

Framsidedfoto:

Kyrkjefoto på framsida: Leif Jamtveit og  
Niklas Karlsen

Passfoto: Kurt Nødland

Utforming: Niklas Karlsen

Trykk: Erik Tanche Nilssen AS

Bankgiro:

Kyrkjeblad for Kviteseid,

3850 Kviteseid

Kontonr. 2660 10 30615



post@kyrkjetrappa.no



@kyrkjelyd



#kyrkjeliv



/kyrkjetrappa



## Mot normalt

*Av sokneprest Torstein Eidem Nordal*

Vakkert haustvêr er noko av det mest fantastiske ein kan kvila augo på. Og no er det haust i lufta. Dei fargesprakande åssidene, den knallblå himmelen som om kvelden eksploderer i rosa og gult, sola som speglar seg i det blikkstilte vatnet. Framføre oss ligg elgjakta, med frostrøyk, stilla på post og knaking i krattet og i bålet. Bak oss ligg den femte årstida vår, Dyrskun. Alt er som det var i fjor. Slik skal det vera. Alt er som før, alt er normalt.

Men ein ting er sikkert, det skal ikkje vere normalt å vere flyktning. «Say it loud, say it clear: Refugees are welcome here!» har det ljoma taktfast på fleire togstasjonar i Tyskland denne månaden. Landet har slutta å forplikte seg på Dublin-avtala, som seier at EU-landa kan returnere flyktningane til det landet dei fyrst kom til. Tyskland let flyktningane bli.

Me får flyktningstraumen tett på oss gjennom nyheiter og sosiale mediar.

Det er så mange av dei, og dei treng hjelp. No. Men kva kan me gjere? Nokon har sendt klede, andre har sagt seg viljuge til å opne heimane sine. Eg trur me kan førebu oss på ei langsiktig dugnad, som ikkje vil handle om å sende frå seg ting, men å ta imot medmennesket.

Kva me tenkjer om flyktningane og korleis me tek imot dei, seier nemleg meir om oss sjølve enn dei andre. Kristen tru krev av oss at vi ser den som lid, anten dei finst i nabolaget eller i ei anna verdsdel. For nestekjærleiken kjenner ingen landegrenser

Det skal ikkje vere normalt å vere flyktning. Det skal ikkje vera normalt å måtte bryte opp frå heimen sin i frykt, eller risikere livet til seg sjølv og borna sine, berre for å koma til ein stad utan krig og svolt. Eg unner fleire å nyte i tryggleik ein solnedgang som eksploderer i rosa og gult, enn å flykte i frykt frå ein krig som eksploderer i blod og sand. “Say it loud, say it clear: Refugees are welcome here!”

# Prestens hjørne

*Skriven av Hallvard N. Jørgensen*

I det siste har eg fundert ein del over kva og kven Gud er for meg. Eg tenker på at eg kan bruke mange gode ord og namn for å skildre Gud. Til dømes: Gud er ... evig. Allmektig. Skapar. Frelsar. Livgjevar. Fader, Son, Heilag Ande. Kjærleik. Rettferdig. Levande. Venleik. Sanning. Godleik. Annleis. Slik brukar også Bibelen mange ord og namn og bilete om Gud. Og likevel: Gud er ikkje mogleg å gripe med tanken, han er „alltid større“ enn vårt konstruerte og menneskelege språk, våre kreative bilete, vår mangfaldige erfaring. Det tykkjer eg er både spennande og frigjerande å tenke på.

Gudstenesta er meint til å vere eit rom der ein skal få møte det store mysteriet som Gud er. Ein får høyre heilage tekstar, sjå altarljoset som symboliserer Guds nærvere, kanskje tenne eit ljøs og sukke til Gud, falde hender og bøye hovudet som teikn på overgjeving, synge samstemt lovsong, meditere over forkynningsordet om Kristus, smake på det innvigde brødet og vinen i trusfellesskapet, ta imot velsigninga med opne hender og krossmerke.

Samstundes er det tankevekkande å fundere på kvar Gud er å finne i mitt



liv når eg ikkje er i kyrkja. Ein stor katolsk teolog, jesuitten Karl Rahner, har skrive veldig tankevekkande om dette. Han seier: Mennesket er alltid vendt utover seg sjølv, mot erfaringa, mot andre menneske, mot verda. Men nettopp denne openheita er på same tid ei openheit for Gud sjølv. For Gud er kjelda for alt det skapte, og for alt som er sant og vakkert og godt.

Vår erfaring av Gud kan av og til bli særleg tydeleg, seier Rahner. Det kan skje i gudstenesta, som nemnt. Men også når vi opplever djupn og meining i kvardagen. Det kan vere slikt som å oppleve sterk venleik. Å oppleve at ein gjer noko godt for andre. Å kome særleg nær livet eller døden. Å oppleve ein særleg einskap med naturen og skaparverket. Å gå inn i seg sjølv i meditasjon. Å kome særleg nær eit anna menneske. Å høyre vakker og levande musikk. Det å leve i tru handlar slik i stor grad om å bli merksam på den Gud som alltid likevel er nær.



Prosesjon ved Fjågesund kyrkje på vigslingsdagen måndag 19. juni 1916

## Idear og forslag til 100-årsjubileet i 2016

*Skriven av Olav Mosdøl*

Neste år blir det stor feiring i Kviteseid og Fjågesund. Det har samanheng med at dei nye kyrkjene i Kviteseid og Fjågesund blei vigsla 18. og 19. juni 1916. Den oppnemnde jubileumskomiteen, som fekk omtale i siste kyrkjeblad, satsar på at festdagane blir i Fjågesund laurdag 18. juni og i Kviteseid søndag 19. juni 2016.

Vi arbeider no med opplegg for program, bokutgjeving, servering, osv. på baa stadane. I tillegg til dei

to dagane kan det bli aktuelt å leggje inn aktuelle tilstellingar, slik at det blir ei kyrkjefestveke i Kviteseid midt i juni. Til dette arbeidet treng komiteen gode idear og forslag. Det kan vere frå lag og enkeltpersonar.

Vi vil vere takksame for konkrete innspel, for historisk stoff, for aktuelle foto som gjev innsyn i bygd og kyrkjeliv. Kontaktpersonar er: Karin Maria Larsen (Fjågesund, 408 31 043), Torstein Eidem Nordal (Kviteseid, 35 06 81 32), Olav Mosdøl (bokarbeid, 995 97 864).



På bildet til venstre ser vi Maja Ek Brynilsen, Ida Tomine Mikalsen og Marianne Elden Haugland.

På bildet til høyre ser vi Tor Berge og Tarjei Sollid Haugen.



På bildet til venstre ser vi Solveig Syrtveit Mikalsen, Malin Teigen og Guro Tangerud Jønhold.

# Årets konfirmantar

*Skriven av Hallvard N. Jørgensen*

Konfirmantåret 2015/2016 er godt i gang. Fyrste samling var tidleg i sumar; då gjekk vi på ei pilegrimsvandring frå Vrådal vegstasjon til Kviteseid gamle kyrkje. Undervegs hadde vi leikar og pylse i brød, og framme i kyrkja song vi salme og øva på liturgi. Så har vi vore ei veke på leir, på Gjennestad gartnarskule. Nytt av året her, var at også konfirmantkullet frå Tokke var med, og vi reiste i lag i same buss. Det vart, som vanleg, ein leir fylt av aktivitetar; gruppesamlingar, fotball og volleyball, leikar og konkurransar, "skumringsstund", badetur og gode måltid. Mange var nok litt trøytte då leiren var ferdig. Undervegs har imidlertid miljøet og stemninga vore veldig god, både blant leiarar og deltakarar.

Utover i skuleåret skal vi ha nokre ordinære samlingar i kyrkjer og på Misjonshuset i Kviteseid, haust og vår. Så vil også konfirmantane delta på gudstenester med ulike oppgåver, kledde i kvite kapper. Slik deltaking har både prest, kyrkjelyd og konfirmantar gode røynsler med, så her er noko å sjå fram til. Nedanfor er trykt namna på konfirmantane for året. Det er ein flott og positiv gjeng, og hels gjerne på dei om du treff nokon av dei i kyrkja.

## **Kviteseid**

Marlene Bakken Braun  
Ragnhild Gotuholt  
Guro Tangerud Jønholt  
Bjørnar Kilen Midtbøen  
Ida Tomine Vestgarden Mikalsen  
Solveig Syrtveit Mikalsen  
Solbjørg Fangel Mo  
Jens Ludvig Hopland Nordskog  
Benjamin Ståland Riis  
Sondre Torsdalen  
William Augustin Valen

## **Brunkeberg**

Tor Berge  
Maja Ek Brynilsen  
Tarjei Sollid Haugen  
Jon Råmunddal  
Tarald Versto

## **Vrådal**

Alise Nekstad Grave  
Emilie Heimdal Hauge  
Marianne Elden Haugland

## **Fjågesund og Kilen**

Malin Teigen

# Nytt sokneråd

Ved kyrkjevalet 13. og 14. september vart det valt eit felles sokneråd i Kviteseid, sidan sokna skal slåast saman. Nye medlemmer og varamedlemmer er:

## Faste medlemmer

HÅKON BIRKELAND,  
VRÅVEGEN, 3853 VRÅDAL

HANS KRISTIAN AABØ,  
MIDSUNDVEGEN,  
3850 KVITSEID

INGER LISE BERGE,  
BRUNKEBERGVEGEN,  
3850 KVITSEID

MARIT GOTUHOLT,  
SUNDKILEN BRYGGE,  
3850 KVITSEID

MAGNHILD VAAGEN KVALBEIN,  
MIDSUNDVEGEN,  
3850 KVITSEID

HANNE JULIE GÅSØ ROHOLDT,  
VRÅLIOSVEGEN, 3853 VRÅDAL

GUNN KARIN EIKÅSEN,  
LAUVKASINVEGEN,  
3850 KVITSEID

VIDAR SYRTVEIT MIKALSEN,  
HØGVOLLVEGEN,  
3850 KVITSEID

## Varamedlemmer

1. REIDUN ØVREBØ FISKETJØNN,  
MORGEDALVEGEN,  
3848 MORGEDAL

2. ASTRID GRAVE AASE,  
BRUNKEBERGVEGEN,  
3850 KVITSEID

3. JAN RUNE BJØRNSON,  
GOTUHOLTVEGEN,  
3850 KVITSEID

4. SVEINUNG RÅMUNDDAL,  
KVITSEIDVEGEN,  
3850 KVITSEID

5. KERSTIN DOROTHEA REGINA  
GRUSS, OMTVEITVEGEN,  
3850 KVITSEID

## Prostevisitas og gullkonfirmantfest i Vrådalen

Den 25. oktober kl. 11 er det gudsteneste i Vrådalen kyrkje, ved prost Asgeir Sele og sokneprest Hallvard N. Jørgensen. Kyrkjekoret vil også delta. Etter gudstenesta innbyr soknerådet til gullkonfirmantfest. Her er alle dei som vart konfirmerte i 1964, i Kviteseid kommune - med følgje - inviterte (det var ikkje konfirmasjon i 1965). Invitasjonar er sendte ut til desse, og vi håpar så mange som mogleg har høve til å vere med!



**STØRST AV ALT**

### TRUSOPPLÆRING I DEN NORSKE KYRKJA

Kvar torsdag denne hausten samlast me for fellesskap, song og leik med dei aller minste. Noko utprega songstemme er ikkje naudsynt, barnet likar akkurat di stemme! Me syng kjente og kjære barnesongar og regler. Til avslutning spelar me av velsigninga, og let såpeboblar sveve over dei små. Ei bøn om at det må gå dei godt i livet.



Foto: Ellen Jore



Foto: Eilev Erikstein

Ei flott oppleving i Vrådal kyrkje. Det er mykje som kan tale til ein i ei kyrkje. I dag var det lyset innover ein gjeng fireåringar i Vrådal kyrkje som blei sundagens oppleving.



**LysVaken**

Adventsnatt i Kviteseid kyrkje



**STØRST AV ALT**

28. - 29. november  
for 10 og 11 åringane

# Jerry Lund er bibelforskar

*Skriven av Olav Mosdøl*

**I 2010 kom Jerry Lund frå USA til Kviteeid. Kona hans, Anne Margrethe Lund, hadde begynt som lektor i engelsk-faget på Kvitsund Gymnas året før. Jerry (f. 1948) voks opp i staten Minnesota og har skandinaviske slektsrøter. Oldefar hans kom frå Noreg til Nord-Dakota, og morssida var knytt til Sverige. Dei siste åra har vi møtt familien Lund i kviteeidmiljøet, og Anne har vore med soknerådet den siste perioden. Jerry er ein venleg og hyggeleg mann, som talar norsk med sjarmerande, amerikansk sleng. Kyrkjebladet har fått ein liten samtale med han.**

*Kva bakgrunn har du?*

- Eg blei kristen i unge år. Etter vidaregåande skule i USA studerte eg teologi med spesialområde i bibelske språk: gresk, hebraisk og arameisk. Til slutt fekk eg ein mastergrad i teologi. Deretter reiste eg til Israel for å studere vidare. Eg fekk mastergrad og doktorgrad i gamle semittiske språk frå Det hebraiske universitet i Jerusalem. I løpet av dei siste fem åra i Israel var eg tilsett ved Caspari Senter, som



Foto: Olav Mosdøl

Jerry Lund arbeider hausten 2015 med bibelomsetjing.

høyrer til Den Norske Israelsmisjon. Der møtte eg Anne Margrethe.

*Korleis har det vore å busetje seg i Kviteeid?*

- Då Anne fekk sjansen til å jobbe på Kvitsund Gymnas sa eg 'ja' til flytting. Ho hadde sin bakgrunn frå Notodden og har nær familie buande der. I tillegg har ho mykje slekt i Vest-Telemark, m.a. Vrådal.

*Me må høyre litt om ditt fagområde, og kven du samarbeider med?*

- Eg er språkforskar på Bibelen og andre gamle kjelder. I det siste har eg laga ein datamodul av den gamle syriske omsetjinga av GT. Det har

skjedd i samarbeid med ein forskar frå Canada – for Accordance Bible Software. Eg har lagt inn tekst frå eit gammalt manuskript i datamaskinen, merka input i detalj, og definert ord for å lage eit verktøy som andre forskarar kan bruke. Eg jobbar frå heimekontoret mitt, og Kviteseid folkebibliotek gjev god service.

- I forskinga er det eit uttrykk som lyder: 'utgi – eller døy'. Difor må eg stå på. Eg skriv artiklar for akademiske tidsskrift og leksika, tek meg av bokmeldingar og bøker. I ulike prosjekt jobbar eg for tida med andre forskarar frå Canada, USA, Australia, Spania, Nederland og Sør-Afrika. Mi siste bok var ei annotert omsetjing av Johannes' Openberring frå syrisk til engelsk.

*Kva relasjonar har du til Midtausten og Israel?*

- Eg budde i Israel i ca. 14 år og har fått vener både blant jødar og arabarar. Eg er spesielt interessert i å fremje kristent arbeid i Israel. Gjennom åra har vi som familie hjelpt til å informere og skaffe midlar til kristent, evangelisk arbeid i Israel. Ein av mine næraste vener frå Israel er Baruch Maoz. Han gjorde teneste som pastor i den kristne forsamlinga Nåde og Sanning i meir enn 30 år. For tida skriv han teologisk litteratur på hebraisk. Det er stor mangel på kristen teologisk litteratur på hebraisk. Mange kristne leiarar i

Israel i dag var barn då eg budde der, og eg er glad for å rekne dei som mine vener.

*Korleis vurderer du Bibelens autoritet i dag?*

- Bibelen er den levande Guds ord. Det er den einaste autoritet for tru og praksis. Som ung betydde det mykje å lese og studere Bibelen. Det gav ei klar, moralsk retning i livet. Som vaksen avslører bibelordet mi synd og fører meg til omvendning. Eg er takksam for at vi har søner, som i si tid ville ha meg til å lese heile Bibelen for dei på eitt år. Det gjorde vi tre gonger. Barn elsker å høyre lesing frå Bibelen. Eg vil oppfordre fedrar til å lese Bibelen for sine barn. Det vil vere til velsigning.

- Mine favorittvers finn eg i Salomos ordtak 3,5-6: 'Lit på HERREN av heile ditt hjarte, støtt deg ikkje på eiga innsikt. Ha han i tankar kvar du ferdast, så gjer han stigane dine jamne.'

*Kva vil du avslutte med - Jerry?*

- Det må bli dette: Folk spør meg kvar eg føretrekkjer å leve. Eg har alltid svara: 'Der folk er'. Og så vil eg leggje til: 'Der Anne er'. Vidare må eg seie: 'Eg har eit ønske om å skrive nokre akademiske bøker og nokre ikkje-akademiske bøker i framtida. Eg ønskjer også å lære å snakke nynorsk og palestinsk arabisk. Så langt må eg seie at eg kan bokmål og hebraisk godt nok til å fungere.'



### **Minnekonserert for Bjørn Tormodsvik**

*Skriven av Jan Haugen*

Søndag 10 mai var det minnekonserert for Bjørn Tormodsvik i Kviteseid kyrkje. Bjørn, som var frå Kviteseid døydde brått i januar, 46 år gamal. Han flytta tidleg til Grimstad og dreiv som aktiv musikar i mange år. Etter initiativ frå nokre av musikkvennene til Bjørn vart det sett saman eit variert program denne dagen. Musikalske aktørar var Ola Ajer, Gunnar Ajer, Iren Matheussen, Sverre Solvang, Åse Anette Tormodsvik, Oda Tormodsvik og Jan

Haugen.

Rundt 140 møtte opp til konserten . Det blei også anledning til ein god prat over ein kaffikopp. Det såg ut til at venner og familie av Bjørn sette pris på dei musikalske innslaga, i tillegg den sosiale delen av kvelden. Vi som aktørar sette stor pris på å få bidra, i tillegg til varmande ord etter konserten.



### **Trefelling ved kyrkjene.**

*Skriven av Jan Haugen*

Som mange veit, står det mange gamle og store tre rundt kyrkjene og på kyrkjegardane i Kviteseid. Fleire av trea var i dårlig forfatning og måtte fellast. To kjemper gjekk i bakken i Vrådal. Begge kyrkjjetenarane har ein del år med skogsarbeid bak seg, og er glade for å få

svinge motorsaga. Med god hjelp frå nabo Tor Sanden (traktor) gjekk det bra med felling og opprydding. I Fjågesund måtte det også fellast ein del tre som var i ferd med å rotne. Her fekk vi god hjelp av Trond Fjågesund (traktor) og Marcel (opprydding). Kyrkja som ligg vakkert til, er nå meir synleg for dei som ferdast langs vassdraget.

## Gåver til kyrkjebladet

Gudny Moen 150,- ; Kristine Haugen 400,- ; M. og S. Bakken 200,- ; Olav Fjalestad 200,- ; Gerd og Torleif Sollid 200,- ; Kari og Torjus S. Moen 250,- ; Astrid og Jakob Olimstad 300,- ; Toril V. og Jon Draugedalen 500,- ; Erling Midtbøen 200,- ; Sigrid Brennemo 200,- ; Sigrid og Tor Borgenvik 300,- ; A.K. og B. Skipar 400,- ; Bodil og Egil Halsvik 200,- ; Agnes Kleiv 200,- ; O. Noraberg 200,- ; Gunn Lise og Tore Aabø 300,- ; Signe Waldenstrøm 500,- ; Brita Sandland 200,- ; Ola Svanheld 200,- ; Erling Hauge 100,- ; Gunn Elisabeth Strand 100,- ; Kjell Arne Norum 100,- ; Anna Berge 100,- ; Halvor Bjåland 200,- ; Mathilde Fjeldstad 200,- ; Hæge Svanaug Aasmundtveit 200,- ; Margareth Håtveit 200,- ; Bjarne Haugan 200,- ; Asbjørn Eilefsen 200,- ; Waldemar Fjågesund 200,- ; S. T. Aabø 200,- ; Gerd Strand 200,- ; Jon Inge Findreng 300,- ; R. og K. Torsdalen 500,- ; Anne Berit Jesgars 200,- ; N. N. 200,- ; Tordis Lindestad 200,- ; G. Breidalen 200,- ; N. N. 100,- ; N.N. 150,- ; Bjørg Gudveig Ståland 200,- ; Dagny Findreng 300,- ; Kristi Gotuholt 500,- ; A. R. 200,- ; Aslaug og Birger Andresen 200,- ; Torgeir Kråkenes 300,- ; Klara Dalen 300,- ; S. og O. Vesterdal 500,- ; Styrkår Berge 200,- ; Olav Mosdøl 200,- ; Sonja og Hans Øy 400,- ; Ingebjørg Lovise Lundeborg 100,- ; Signe Ninni Nordnes 200,- ; Bjørn Lauritzen 200,- ; Ketil Øy 400,- ; Ingar Hovda 200,- ; Geir Valle 200,- ; Hege Jønholdt 200,- ; Hadle Hovda 500,- ; Solveig Florentz 200,- ; Anlaug Groven 200,- ; Signe Rud Jore 200,- ; N.N. 200,- ; Kitty Jørgensen 200,- ; N.N. 300,- ; Anne Sanden Tue 200,- ; N.N. 200,- ; Harald Borgejordet 200,- ; Borghild Straume 300,- ; Solveig Lilly Dale 100,- ; Inger Moen 200,- ; Torbjørn Lauve Grave 200,- ; Arvid Grave 250,- ; Aasulf Råmunddal 200,- ; Bodil og

Inge Rosland 250,- ; Borghild Sofie Lauvnes 300,- ; Unn Kaia Naper 200,- ; Leif Jamtveit 200,- ; Kjellaug og Per Arne Strandkås 200,- ; John Bernhard Kittilsen 200,- ; M. og J. Rogdaberg 200,- ; Magne Olav Skjæveland 300,- ; Arne Aabø 200,- ; Astrid og Kåre Hafskjold 200,- ; Else Ibrekke 200,- ; Martha Astrid Tveten 500,- ; Grete Brauti 250,- ; Hans Kristian Aabø 300,- ; Anlaug og Tarjei Kråkenes 400,- ; Arvid Syftestad 200,- ; Bodil Nyland 200,- ; Gro Anette Bakken 200,- ; Guro Kjeldal 300,- ; Birgit Tveit 200,- ; Ingebjørg K. Torsdalen 200,- ; N.N. 200,- ; N.N. 200,- ; Anna Sofie Hauge 200,- ; Oddvar From 100,- ; Ordny og Knut Lehn 200,- ; Birgit Andersen 300,- ; Gjertrud Anni Nord Sørensen 200,- ; Ingebjørg Ranheim 150,- ; Anne Lise Strand 300,- ; Hans Kristian Aabø 400,- ; Gunn Kari Fossjord Jessen 100,- ; Gunleik Halvard Versted 100,- ; Ådne Arne Naper 200,- ; Jorunn og Knut Aasland 250,- ; G. og T. Nordbø 300,- ; Anne Øygarden 200,- ; Ranveig Belland 200,- ; Gudny og Erling Tveit 150,- ; Liv og Ferdinand 200,- ; Torhild Nyland 150,- ; Marie Omtveit 200,- ; Kurt Nødland 222,22 ; Solveig Aabø Løfgren 300,- ; Ingebjørg Ropstad 100,- ; Gunhild og Johan Berntsen 200,- ; Gunvor Mandt 250,- ; Randi Enger Bråthen 300,- ; Roger og Solveig Løfgren 400,- ; Einar Leiv Søreide 200,- ; Gerd Signe Bakken 300,- ; Hanne Julie Gåsø Roholdt 300,- ; Aasm. Kleiv 200,- ; Jørgen Moen 300,- ; Arne Tormodsvik 300,- ; Gunn Eilefsen 200,- ; Georg Groven 200,- ; Eli Findreng Hansen 500,- ; Olav Groven 200,- ; S.N.K. 250,- ; Alv Ingvard Suvatne 200,- ; Edvard Eilefsen 200,- ; Aage Haatveit 500,- ; Liv Haatveit 500,- ; Gerd og Arne 300,- ; Halfdan Snøås 300,- ; Olav Skjevesland 200,- ; Marit Ims Øy 200,- ; Halvor Meinstad 300,- ; Steinar Birger Sveta 300,- ; Anne Sanden Tveit 200,- ; Reidun Dagmar Lie 400,- ; Marit Nordskog Kalteis 100,-

## Døypte

Vrådal: Vetle Snaunes.  
Kviteseid: Sander Meinstad  
Veting.  
Matheo Jamgrav  
Olsson.  
Solveig Skree Nordås.  
Amalie Due Coll.  
  
Brunkeberg: Andreas Kåsene  
Marianne Magnussen  
Kåsene.

## Vigde

Kviteseid: Anette Bohlin og Kåre  
Kittilsen.  
Linda Fjellstad og  
Torvild Krogsæter Vala  
Monica Bakken og  
Arne Inge Eilefstjønn.  
Elise Wraa og Halvor  
Heggtveit.

## Gravlagde

Vrådal: Signe Rønningen.  
Arthur Marius Haugen.  
Kviteseid: Johannes Ingvald  
Bakken.  
Luzzy Berglioth  
Lundevall.  
Gudbjørg Haugestøyl.  
Talleiv Sigurd Aabø.  
  
Brunkeberg: Klara Kvålseth.  
Tone Runningen.

---

*(fort. fra s. 16)*

**Laur. 26.**  
Brunkeberg

Fjågesund

**Tors. 31.**  
Kviteseid

### **2. juledag**

kl. 11. Hallvard Jørgensen.  
Nattverd. Ofr. Det Norske  
Misjonselskap.

kl. 11. Torstein Nordal.  
Nattverd. Ofr. Ma'Ma  
Children's Center of Norway  
(Rachel Trovis arbeid)

### **Nyårsaftan**

kl. 23. Torstein Nordal.  
Nattverd.

*Meir himmel på jorda*

# Oppslagstavla

## Bispevisitas i januar

Biskop Stein Reinertsen kjem på visitas til Kviteseid 26. – 31.januar 2016. Sist gong ein biskop var på visitas her, var Olav Skjevesland i 2005. Programmet er i støypeskeia, og fleire organisasjonar og institusjonar i kommunen vil bli kontakta for mogleg å få besøk av biskopen. Biskopen kjem på nytt i juni 2016 for å jubilere 100åringane Fjågesund og Kviteseid kyrkjer.

## Formiddagstreff for kvinner og menn

30.september, 28.oktober og 2.desember frå kl.11.00 på Misjonshuset. Servering, andakt, utlodning, song og musikk. Ring Kirsti Skjæveland om du treng skyss, 35 05 33 65.

## Gravfylgje og bilkøyring

Ved gravferd i Kviteseid kyrkje må gravfylgjet anten krysse vegen, eller gå eit stykke langs den, på veg til gravstaden. Kva gjer ein som bilist når ein kjem mot kyrkja, og ser dette? Som hovudregel bør ein senke farten, stanse, og vente på at gravfylgjet har passert og er ute av vegen. Dette er ein måte å vise respekt på, overfor den døde og dei sørgande. Samstundes unngår ein farlege situasjonar. I tillegg er dette pålagt i lovverk (Forskrift om gåande og kjørande trafikk, §10).

## Ljosglobe til Brunkeberg kyrkje

Soknerådet i Brunkeberg har vedteke å tinge ljosglobe til liturgisk og personleg bruk under gudstenester og gravferder i Brunkeberg kyrkje. Alt av naudsynt papirarbeid er unnagjort, og ljosgloben skal etter planen vere på plass i løpet av hausten.

## Besøksteneste

Det er godt å ha nokon å vere saman med, å kunne dele ein kopp kaffi og dei tankane ein har på hjarta. Nokon ville gjerne hatt ein ven eller ei veninne å reise på butikken med, eller nokon å reise ut på ein køyretur med. Diakoniutvalet i Kviteseid ynskjer å lage ei særskilt gruppe for slike møtepunkt, ei besøksteneste. Om du er glad i folk og likar å drikke kaffi, er dette kanskje ei teneste som kunne passe for deg? I så fall kan du ta kontakt med Kirsti Skjæveland, tlf. 41264364. Prostidiakon Eilev Erikstein vil også kome til Misjonshuset i Kviteseid den 21. oktober kl. 18-21. Her vil han fortelje om korleis ein kan leggje opp ei besøksteneste, og leie ein samtale om temaet. Dette er ope for alle som er interesserte.

## Ny Jolebasar på Misjonshuset

I år som i fjor inviterer Kviteseid sokneråd til basar på Misjonshuset. Hald av laurdag 28.november, og sjå etter oppslag. Soknerådet tek imot gevinstar og loppur om du har noko.

Returadresse:  
**Kyrkjekontoret**  
**3850 Kviteseid**

## Gudstenester

### OKTOBER

**Sun. 4. 19. s. i treeiningstida Joh 7,14-17**  
Kviteseid kl. 11. Nattverd. Sundagsskule.  
Ofr. Kvitsund Gymnas.  
Vrådal kl.19. Of. Laget (NKSS)

**Sun. 11. 20. s. i treeiningstida Mark 10,2-9**  
Kviteseid kl. 11. Hallvard Jørgensen. Sundags-  
skule. Of. Familievernkontoret i Øvre  
Telemark

**Sun. 18. 21. s. i treeiningstida Luk 16,19-31**  
Kviteseid kl. 16. Torstein Nordal. Familie-  
Misjonshus gudsteneste «0 – 100». Barnespel.  
Ofr. Acta – barn og unge i Normisjon.  
Kyrkjekaffi.

**Sun. 25. Bots- og bededag Luk 18,9-14**  
Vrådal kl. 11. Hallvard Jørgensen og Asgeir Sele.  
Kyrkjekoret. Nattverd. Of. Kyrkje-  
lydens misjonsprosjekt i Ecuador.  
Gullkonfirmantfest.

**Fre. 30. Ljosmesse**  
Kviteseid kl.19.30. Hallvard Jørgensen. Nattverd.  
gamle Russekoret. Of. Russeprosjektet.  
Fakkeltog frå Kvitsund kl.18.30.

### NOVEMBER

**Sun. 1. Helgemessesundag Matt 5,13-16**  
Kviteseid kl. 11. Torstein Nordal. Sundagsskule.  
Kyrkjekoret.

**Laur. 7. Konsert**  
Kviteseid kl.19. Lyrikk og musikk. Haugen og  
Haugen

**Sun. 8. 24. s. i treeiningstida Kol 1,24-29**  
Kviteseid kl. 11. Sundagsskule. Nattverd.  
Ofr. Stefanusalliansen.

**Sun. 15. 25. s. i treeiningstida Matt 14,22-34**  
Fjågesund kl. 11. Hallvard Jørgensen.  
Ofr. Kvitsund Gymnas

**Sun. 22. Domssundag/ Kristi kongedag**  
**Matt 25,1-13**

Morgedal kl. 11. Kyrkjekoret. Of. Nasjonal-  
grendehus foreningen for folkehelsen.

**Sun. 29. 1. s. i advent**  
Kviteseid Kl. 11. Torstein Nordal. Familie-  
gudsteneste. «Lys Vaken».  
Unge Røyster. Kalender til 5-åringane.  
Ofr. Trusopplæringa. Kyrkjekaffi.  
Adventsverkstad på Fredheim kl.12.30.

### DESEMBER

**Fre 4. Julekonsert**  
Kviteseid Eivind Solli-Tangen

**Sun. 6. 2. s. i advent**  
Kviteseid kl. 11. Sundagsskule. Nattverd.  
Ofr. Signo

**Sun. 13. 3. s. i advent**  
Kviteseid kl. 11. Torstein Nordal. Sundagsskule.  
Kyrkjekaffi.  
Kviteseid kl. 18. Torstein Nordal. Adventskonsert.  
Ofr. Ma'Ma Children's Center of  
Norway (Rachel Trovis arbeid)

**Sun. 20. 4. s. i advent**  
Kilen kapell kl. 16. Hallvard Jørgensen. "Eit  
annleis jolebord." Prostevisitas.  
Ofr. Kirkens Bymisjon

**Tors. 24. Jolaftan Luk 2, 1-20**  
KOS kl. 13.30. Torstein Nordal  
Ofr. Kirkens Nødhjelp  
Brunkeberg kl. 15. Hallvard Jørgensen.  
Ofr. Kirkens Bymisjon  
Vrådal kl. 16. Torstein Nordal  
Ofr. Kirkens Nødhjelp  
Kviteseid kl. 16.15. Hallvard Jørgensen  
Ofr. Kirkens Nødhjelp

**Fre. 25. Joledag**  
Kviteseid kl. 11. Torstein Nordal. Nattverd.  
Ofr. Det Norske Misjonsselskap.  
Vrådal kl. 11. Hallvard Jørgensen. Nattverd.  
Ofr. Det Norske Misjonsselskap.

(fort. på s. 14)